

Periodeplan storbarn haust 2025

AUGUST-SEPTEMBER

Meg i møte med barnehagen
Tilvenning



Fokusområde/mål for perioden :

1. Trygge barn og foreldre
2. Alle skal få oppleve å høyre noko positivt om seg sjølv kvar dag
3. Skape eit godt samarbeid med foreldra, informasjonsutveksling
4. Venner

VIKTIGE DATOER/HENDINGAR:

- Planleggingsdag fredag 15.august
- Foreldremøte tysdag 9.sept
- SU møte torsdag 26.sept
- Brannvernveke v.38

Temaarbeid denne perioden:

Venskap - Eg er verdifull.

Brannvern

Tilvenning - tilknytning

Turar i nærområde

Friluftsliv:

Bli i nærmiljøet til barnehagen.
Hauste mat frå naturen



Korleis jobbe for å nå måla:

1. Møte barna med blikkontakt og namnet deira.
Bilete av barna på plassen i garderoben
2. Personalet skal vise interesse for det einssilde barn.
3. Samtale ved dagleg bringe/henting i barnehagen og ved oppstartsamtale.
4. Vise omsorg for kvarandre, inkludere i leik

Korleis veit vi at vi har nådd måla:

1. Barnet:
 - får lyst til å gå i barnehagen
 - "slepp" foreldra ved levering
 - bruker namn på andre barn og vaksne
 - tek del i leik og aktivitetar i barnehagen
2. Dei vaksne i barnehagen bruker namnet på barnet og foreldra når dei tek imot om morgonen/ ettermiddagen
3. Bilete frå barn i leik vert vist på MyKid.

OKTOBER- NOVEMBER

Meg i møte med dei andre



Friluftsliv/tema:

Naturvern

Regelleikar ute og inne

VIKTIGE HENDINGAR:

- Solidaritetskafé torsdag 23.okt
- Planleggingsdag fredag 7.nov
- Julemesse laurdag 29.nov
- Foreldresamtalar

Fokusområde/mål for perioden:

1. Å finne sin plass i barnegruppa på avdelinga og i barnehagen
2. Oppnå gjensidig respekt og forståing på tilbakemeldingar mellom personalet og foreldre
3. Bli kjent med turlivet i Solvang barnehage
4. Arbeid med Solidaritetskafé og Stefanusbarna i Egypt

Temaarbeid denne perioden:

Familien min

Miljøvern

Mamma Maggie

Korleis jobbe for å nå måla

1. Samtale med barna om:
Spørje om å få låne, vente på tur,
Respektere eit nei, hjelpe kvarandre
2. Vaksne som hjelper barna med å bli inkludert i fellesskapet
Grupper: leik, tur ,lese, forming,
baking, samling.
3. Gå turar i nærområdet til barnehagen
4. Få høyre om Stefanus barna i Egypt,
korleis kan vi hjelpe dei som bur ein annan plass
5. Lage til og førebu Solidaritetskafè til inntekt for Stefanusbarna.

Korleis veit vi at måla er nådd:

1. At barna finner vener og at dei syner glede
2. Mindre konflikhtar i leiken. Syner glede ved å kome i barnehagen
3. Bilete og referat frå turar.
4. Barna veit kvifor vi har Solidaritetskafè.
5. Lage fellsereglar ilag med barna

DESEMBER - JANUAR

Meg i møte med tradisjonar og forteljingar



Friluftsliv/tema:

Aking / snøleik
Turar i gymsalen



Fokusområde/mål for perioden:

1. Barna skal få møte forteljinga om Jesu fødsel
2. Barna skal få bli kjend med juletradisjonar og få kjenne på stemning prega av ro og tid.
3. Barna skal få bli kjend med Jesu liv


Korleis jobbe for å nå måla:

1. Vise bilete, fortelje og dramatisere juleevangeliet
2. Adventssamling. Legge til rette for julebakst og å lage julegåver og julepynt.
3. Samlingar der ein fortel forteljingar om Jesus liv, kven han var og kva han gjorde
Bruke drama, song og flanellograf.

VIKTIGE

DATOER/HENDINGAR:

- Lucia fredag 12.des
- Nissefest tysdag 16.des
- Planleggingsdag måndag 19. januar 2026



Korleis veit vi at måla er nådd:

1. Barna gjenkjenner juleforteljinga, veit kven Jesus er
2. Barna syng med i julesongane og gjenfortel historier. Dei tek med seg heim det dei har laga.
3. Avdelinga synleggjer temaarbeidet gjennom bilete og plansjar.